

SULDAL KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Torsdag **26. april 2018** blei det halde møte i Suldal kontrollutval under leiar Vanja Ignjatic.

MØTESTAD:	Suldal kommunehus, formannskapssalen
MØTESTART-MØTESLUTT:	kl. 10.00 – 13.00, inkl. pause
MØTANDE MEDLEMMER:	Vanja Ignjatic (H), Eldbjørg Sivertsen (Krf) og Otto Underbakke (H)
FORFALL:	Berit Myrland (SV) og Tormod Skeie (SV)
MØTANDE VARAMEDLEMMER:	1. vara Sigrun Vetrhus (Sp) og 2. vara Silje Helen Færøy (Uavh.)
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Seniorrådgjevar Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Forvaltningsrevisor Ståle Opedal, Rogaland Revisjon IKS
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Leiar servicetorget Turid Vaage i sak 13 og 14
ANDRE SOM MØTTE:	Ingen
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Sakene blei handsama i denne rekkefylgja: 14, 13, 11, 12, 15, 16, 17 og 18

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 11/18 GODKJENNING AV PROTOKOLL 26.04.18

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 26.04.18 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 06.09.18:

Utvalet hadde ingen merknader til protokollen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 06.09.18:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 26.04.18 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 12/18 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 06.09.18

21. Statusoversikt pr. september 2018
22. Kst. vedtak 15.05.18, sak 25/18 – rapport om Forenkling, forbedring og effektivisering
23. Perioderapportering/budsjett frå Rogaland Revisjon IKS
24. Protokoll frå årsmøte i Forum for kontroll og tilsyn (FKT)
25. Haustkonferansen i regi av Forum for kontrollutvalg i Rogaland – 22.11.18
26. Styremøteprotokoll 14.06.18 frå Krisesenter Vest IKS
27. «Tillit og kontroll – to sider av same sak ?» - frå Kommunal Rapport 15.08.18

Handsaming i kontrollutvalet 06.09.18:

Leiar orienterte. Utvalet hadde ingen merknader til referatsakene.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 06.09.18:

Referatsakene 21 – 27 blir tatt til orientering.

SAK 13/18 REVISJONSRAPPORT – «OPPFØLGING AV POLITISKE VEDTAK»

Sekretariatet si innstilling:

1. Suldal kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Rogaland Revisjon IKS sin rapport «Oppfølging av politiske vedtak» og tek denne til orientering.
2. Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine tilrådingar.
3. Rådmannen gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 6 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

Handsaming i kontrollutvalet 06.09.18:

Forvaltningsrevisor Opedal presenterte rapporten. Han gjorde mellom anna greie for problemstillingar, funn og tilrådingar. Medlemmene fekk svar på spørsmål undervegs. Utvalet vart samd om føya til ei fjerde tilråding til kommunestyret.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 06.09.18 og innstilling til kommunestyret:

1. *Suldal kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Rogaland Revisjon IKS sin rapport «Oppfølging av politiske vedtak» og tek denne til orientering.*
2. *Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine tre tilrådingar og følgjande fjerde tilråding:*
 - *Kommunestyret ber rådmannen finne betre rutinar for å sikre at dei folkevalde vert fortløpande orientert om økonomisk utvikling og framdrift i større byggeprosjekt.*
3. *Rådmannen gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 6 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.*

SAK 14/18 ORIENTERING OM PERSONVERNLOV – SVAR FRÅ RÅDMANNEN

Sekretariatet si innstilling:

Suldal kontrollutval tek rådmannen si tilbakemelding om kommunen sitt arbeid med innføring av ny personvernlov til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 06.09.18:

Leiar av servicetorget Turid Vaage orienterte. Medlemmene fekk svar på spørsmål.

Utvalsleiar takka for ei god orientering.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 06.09.18:

Suldal kontrollutval tek rådmannen si tilbakemelding om kommunen sitt arbeid med innføring av ny personvernlov til orientering.

SAK 15/18 REVISOR SI EIGENERKLÆRING 2018

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet i Suldal tar den framlagde eigenerklæring for 2018 frå oppdragsansvarleg revisor Cicel T. Aarrestad, Rogaland Revisjon IKS, til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 06.09.18:

Utvalet hadde ingen merknader til eigenerklæringa.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 06.09.18:

Kontrollutvalet i Suldal tar den framlagde eigenerklæring for 2018 frå oppdragsansvarleg revisor Cicel T. Aarrestad, Rogaland Revisjon IKS, til orientering.

SAK 16/18 PLAN FOR REKNESKAPSREVISJON 2018

Sekretariatet si innstilling:

Suldal kontrollutval tar presentasjonen av overordna revisjonsstrategi for 2018 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 06.09.18:

Forvaltningsrevisor Opedal gjorde greie for planen og svara på spørsmål frå medlemmene.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 06.09.18:

Suldal kontrollutval tar presentasjonen av overordna revisjonsstrategi for 2018 til orientering.

SAK 17/18 VAL AV NYTT REVISJONSPROSJEKT

Sekretariatet si innstilling:

Suldal kontrollutval ber Rogaland Revisjon IKS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjon eller selskapskontroll av «xxxxx» i neste møte.

Handsaming i kontrollutvalet 06.09.18:

Medlemmene drøfta kva dei skulle velje. Utvalet vart samd om «Eigarskapsforvaltning» no, og at neste prosjekt vert «IKT».

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 06.09.18:

Suldal kontrollutval ber Rogaland Revisjon IKS om å legge fram utkast til prosjektmandat på selskapskontroll av «Eigarskapsforvaltning» i neste møte.

SAK 18/18 KONTROLLUTVALET SITT FRAMLEGG TIL BUDSJETT FOR KONTROLL OG TILSYN 2019

Sekretariatet si innstilling:

Samla budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i Suldal kommune for 2019 vert på i alt **kr 1.182.000,- eks mva** fordelt på følgjande:

Kontrollutvalet (teneste 1100 funksjon 100/110)	kr	255 000
Kjøp av sekretærtjenester (teneste 1100 art 13750)	kr	177 000
Kjøp av revisjonstjenester (teneste 1100 art 13700)	kr	750 000
Totalt	kr	1 182 000

Handsaming i kontrollutvalet 06.09.18:

Utvalet slutta seg til framlegget.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 06.09.18 og innstilling:

*Samla budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i Suldal kommune for 2019 vert på i alt **kr 1.182.000,- eks mva** fordelt på følgjande:*

<i>Kontrollutvalet (teneste 1100 funksjon 100/110)</i>	<i>kr</i>	<i>255 000</i>
<i>Kjøp av sekretærtjenester (teneste 1100 art 13750)</i>	<i>kr</i>	<i>177 000</i>
<i>Kjøp av revisjonstjenester (teneste 1100 art 13700)</i>	<i>kr</i>	<i>750 000</i>
<i>Totalt</i>	<i>kr</i>	<i>1 182 000</i>

YMSE

Ingen saker blei meldt.

Neste møte: 08.11.18, kl. 10.00

Sand/Aksdal, 06.09.18

Vanja Ignjatic
Leiar

Odd Gunnar Høie
Kontrollutvalssekretær